



JOHANNE FLOTTORP



Å vere aleine er noko me hardingfelespelarar er vande med frå tidleg av. I alle fall har det vore slik for meg. Eg har opptreidd aleine med fela i over 20 år, og eg har øvd aleine på rommet mitt i like mange år. Sjølv om eg speler mykje saman med andre og er avhengig av å musisere på den måten òg, er det noko spesielt med solospelet som eg alltid vender tilbake til. For når eg tenkjer over det, er eg ikkje aleine når eg speler solo. Eg har ein heil armé av folk bak meg. Kvar slått eg spelar på denne utgjevinga, har eg ein spesiell relasjon til. Og eg har også ein relasjon til kjelda, anten det er eit levande menneske eg har vore på besøk hos, om det er ei note eller om det er eit opptak. Bak alle desse skjuler det seg lange rekker av nye kjelder, som alle speler på lag med meg.

Som hardingfelespelar frå Åmli har eg vakse opp mellom to store hardingfeleområde; Setesdal og Telemark. Det har musikken frå heimtraktene mine, med Tovdal som musikalsk sentrum, bore preg av. Og heilt frå eg var lita har eg spelt like mykje spel frå nabostrøka som frå Tovdal, noko som har gjort til at eg stadig har oppdaga nye spelemenn, nye former, nye slåttar, nye område. Denne plata er eit resultat av det.

Når eg ser over slåttelista som er med her, tenkjer eg at tradisjonane eg har vakse opp med rommar mykje. Her er det slåttar med ulik karakter, og her er det både klassikarar og mindre kjende slåttar. Eg har alltid vore glad i små slåttar, og eg synest ikkje dei står noko tilbake for større variantar som finst andre stadar i distrikta. Ofte må småformene vike dei store på til dømes kapp-leiksscener eller andre arenaer der ein skal få inn mykje info på kort tid. Men her er det rom for å vise eit større spekter, vise kven eg er og kva eg liker.

For meg handlar det å vere hardingfelespelar mykje om å ta val. Mest av alt betyr det kanskje å velje korleis eg kan spele som meg sjølv samtidig som eg tek vare på det kjeldene mine har jobba fram gjennom mange år. Jakta på meg sjølv som spelemann tek ingen ende. Men utan alle dei som har vore før meg, hadde eg kanskje aldri funne ut korleis eg har lyst til å låte.

*Johanne Flottorp*

## - SLÅTTAR -

### Reisaren

etter Salve Austenå (f. 1927)

---

For meg er dette essensen av Tovdals-spelet. Det er første slått på plata til han som har vore læraren og inspiratoren min i over 20 år, Salve Austenå. Det er på sin plass at «Reisaren» også er den første på plata mi.

### Gangar etter Petter Veum

etter Otto Furholt (1921-2005)

---

Petter Veum (1811-1889) lærte spel av dei gamle Fyresdals-kjeldene, blant anna Knut Trondson (1784-1876). Folke-musikken i Fyresdal leid ein tragisk skjebne i tider der felespel og alt som høyrde med blei sett på som synding. Feler blei brende og store delar av slåttane og tradisjonen døydde ut. Men på grunn av at Petter Veum hadde mykje kontakt med spelemenn i Setesdal, overlevde ein del slåttar etter han der.

### Springar etter Myllarguten

etter Signe Flatin Neset (1912-1975)

---

Det skulle gå mange år før eg oppdaga Signe Flatin Neset. Eg hadde sjølvsgagt høyrte om ho, den første kvinna til å vinne Landskappleiken. Eit forbilde allereie før eg hadde høyrte spelet hennar. Men ein dag tidleg i studieløpet mitt på Musikkhøgskulen stod eg og prøvde å orientere meg i den relativt store CD-samlinga på huset. Blikket mitt stoppa ved namnet til Signe og eg tok CD-en ut og gjekk inn på lytterrommet. Der sat eg og høyrte gjennom alle slåttane. Men det var denne eg gjekk tilbake til og høyrte om att og om att og om att.

### Else Heggveit

etter note i hardingfeleverket, kjelda er Anund Tveiten (1888-1973)

---

Slåttar som går rett på sak og ikkje legg noko imellom har eg alltid hatt sansen for. Denne forma fann eg i hardingfeleverket og eg prøvde lenge å sette den saman med andre liknande former. Men eg fall tilbake på denne. Av og til er det enkle rett og slett det beste, også når det kjem til hardingfelespel.

### Den kaldsteikte

fritt etter Salve Austenå

---

Salves historie om «Den kaldsteikte» er som følgjer: Det var ein mann på Tveitli i Tovdal som ein dag om hausten blei aleine heime. Kona skulle over til Skjeggedal og ta poteter. Ho hadde stelt til flesk i panna og sett det på ovnen, slik at mannen skulle ha middagen klar til ho kom heim om kvelden. Mannen gjekk ut med kyrne og tjora dei fast nede på ekra. Men så kom ein mann frå Lauvdal og han hadde med seg noko øl. Og så fort kyrne var bundne fast, byrja dei å drikke av dette ølet. Spelemannen frå Lauvdal hadde laga ein slått som ikkje var heilt ferdig, men det hadde han tenkt å få gjort noko med på Tveitli. Og så surra og drakk dei, og når kvelden kom og kona kom heim att, blei ho møtt av kyrne som framleis var ute og ei fleskepanne som stod der ho hadde reist frå den. Inne sat spelemennene på godlag. Dei lurte på kva dei skulle kalle den nye slåttan. Då small det frå kjøkenet: «Kall han den kaldsteikte, for fan!»

Slåttan går eigentleg på vanleg stille (a-d-a-e), men eg har lagt han over på det som kallast haavt forstemt (g-d-a-d) i Setesdal, eller ljøsblått andre stader.

### Fille-Vern

etter Salve Austenå

---

Denne slåttan har eg spelt så lenge eg kan hugse. I diverse former, sjølvsgagt. Men alltid med Salve som utgangspunkt. Namnet på slåttan kjem etter Vern Auvorsson frå Kviteseid. Han reiste truleg rundt og handla med filler i Setesdal og andre område, og dermed blei kallenamnet hans Fille-Vern.

### Kjaranlien

etter Salve Austenå

---

Ein klassisk tovdalsslått som blei brukt av mange spelemenn i dalen. Som det meste av repertoaret sitt, lærte Salve denne slåttan av faren, Olav Austenå (1891-1969).

### Storesau Lauvik

lært av Stein Versto (f. 1957)

---

«Storesau Lauvik» er ein slått etter Tarjei Tvigyva (1853-1926) frå Lårdal. Både Olav (1895-1929) og Eivind Groven (1901-1977) var mykje hos han og lærte slåttar, og Eivind Groven skreiv ned denne slåttan i hardingfeleverket.

Namnet på slåttan er det fleire historier om, men ei av dei seier at namnet kom frå ein sau på garden Lauvik i Skafså som fekk trillingar kvart år.

### Dolkaren

etter Salve Austenå

---

Ein av dei tøffaste hardingfeleslåttane som finst. Denne har alltid vore ein populær danseslått i Tovdal og Setesdal.

### Førespel

av Johanne Flottorp

---

### Soteroen

fritt etter Olav Heggland (1888-1974)

---

Det er rart med alt ein har høyrte hundrevis av gonger, men aldri prøvd å spele sjølv. I forarbeidet til denne utgjevinga, tenkte eg på kva for nokre slåttar eg liker aller best. «Soteroen» kom raskt opp. Men eg hadde aldri lært meg den skikkeleg. Difor sette eg meg ned med hardingfeleverket og las meg gjennom forma etter Olav Heggland. Med utgangspunkt i denne, tok eg inn småting og har høyrte her og der, øvde inn variantar, og klargjorde meg til å sleppe meg laus under innspelinga. Plutselig blei slåttan slik han er innspelt her. Det er ikkje sikkert eg klarer å spele han likt seinare.

### Traskjen

form med utgangspunkt i slik Einar Løndal (1914-2006) og Eilev Smedal (1889-1938) spelte

---

Ein springar som blir spelt fleire stader i Telemark og går under fleire namn, men Traskjen var i alle høve klengenamnet til spelemannen Olav Napper (1833-1903) frå Fyresdal.

### Margit Mjaugedal

lært av Arne T. Aabø (f. 1944)

---

Ein typisk Vest-Telemark-slått og ein variant av slåttan som i Tinn blir kalla «Kari Midtgaard». Margit Mjaugedal var ei jente frå garden Mjaugedal i Eidsborg. Arne har i hovudsak forma si etter spelemannen Tjøstolv Lofthus (1891-1970), også han frå Eidsborg.

## Skuldalsbruri

lært av Arne T. Aabø

Eg har spelt fleire ulike variantar av «Skuldalsbruri» gjennom oppveksten. Men denne forma frå Vest-Telemark som eg lærte av Arne ein sommardag for nokre år sidan, er den finaste. Forma skal vere etter Aslak O. Gøytil (1899–1979) i Eidsborg, og sidan ha gått vidare til Vinje-spelemennene Arne Nygård (1917–2009) og Tarjei Romtveit (f. 1925). Arne lærte slåtten av sistnemnde.

## Springar etter Åne Smeland

lært av Vidar Lande (f. 1949)

Åne Smeland (1880–1912) var ein spelemann frå Gjøvdal som det er fleire slåttar etter. Dette er ein variant av «Guro Lomodden» som har kome frå Vest-Telemark, truleg er han etter Petter Veum. Til Gjøvdal er det nok Nere G. Nese (1838–1883) som har kome med han. Nere Nese var mykje rundt om på bygdene i indre Agder og Vest-Telemark på besøk hos mang ein spelemann.

## Førespel

av Johanne Flottorp

## Skjallmøyslått

fritt etter notenedteikning gjort av Olaf Frøysaa

Frøysaa-brørne Olaf (1874–1951) og Torleiv (1867–1949) gjorde seg bemerkta som både felespelarar og felemarkarar. Brørne var frå Iveland, men når dei skulle lære slåttar, reiste dei helst berre til Frøyraak i Bygland. Det beste spelet fann dei der, meinte dei. Denne slåtten har Olaf skrivne ned på noter og eg spelar han på ei fele som er laga av Torleiv.



Innspelt i Ormøy kirke 17. til 19. april 2018 | Produsent og tekniskar: Niels Jørgen Røine | Medprodusent: Johanne Flottorp  
Miksing og mastering: Fridtjof Lindeman i Strype Audio | Foto: Heidi Furre | Design: Eva Karlsson | Omsetjing: Sarah-Jane Summers

Det er mange som skal takkast i samband med denne utgjevinga. Folk har vore velvillige til å dele av kunnskapen sin, svare på spørsmål og høyre på slåtteformer når eg har spurt om det. Personar som har hatt mykje å seie for innhaldet på denne utgjevinga, er Håkon Høgemo, Anne Hytta, Salve Austenå, Arne T. Aabø, Vidar Lande, Stein Versto, Ingrid Schei Stuhaug og Helga Myhr. Vidare vil eg takke Niels Jørgen Røine for strålende samarbeid under og etter innspelinga. Den samme Niels og Frode Rolandsgard i ta:lik for all hjelp og for at de ville gje ut plata mi. Fridtjof Lindeman for god lyd. Sarah-Jane Summers for omsetjing, Heidi Furre for foto og Eva Karlsson for design. Takk til Anders, til foreldra, besteforeldra og søskena mine for all støtte og motivasjon i dag og fram til i dag.

Felene som er brukt på innspelinga er laga av Torleiv Frøysaa (1920), brukt på vanleg stille (a-d-a-e) og trollstilt (a-e-a-ciss) og Salve Håkedal (2017), brukt på laus bas (g-d-a-e) og haavt forstemt (g-d-a-d). Bogen er det Niels Jørgen Røine som har laga.

Utgift med støtte frå: Kulturrådet, Fond for utøvende kunstnere, MFOs vederlagsfond, Aust-Agder fylkeskommune og Jol i Åmli.



To be alone is something Hardanger fiddle players are used to from early on. That's the case for me at least. I have performed alone for over 20 years, and I have practised alone in my room for a corresponding number of years. Even though I play a lot with others and also have a need to make music that way, there is something special about playing solo that I always return to. Because, when I think of it, I'm not alone when I play solo. I have a whole army of people behind me. I have a special relationship with every tune I play on this album. I also have a connection to the source, whether it be a living person I have visited, sheet music or a recording. Hidden behind all of these are long lines of sources, who all play alongside me.

As a Hardanger fiddle player from Åmli, I have grown up between two major Hardanger fiddle areas: Setesdal and Telemark. The music of my area, of which Tovdal is the musical centre, bears the characteristics of this. Since I was little, I have played as much music from the neighbouring areas as I have from Tovdal, which has led me to constantly discover new fiddlers, new versions, new tunes, new areas. This album is a result of all of that.

When I look at the list of tunes on this album, I think that the traditions I have grown up with encompass a lot. The tunes here have very different characteristics, and there are both classics and less well-known tunes here. I've always been particularly fond of the 'little' tunes, and I do not think they are any lesser than the bigger versions that can be found in other places in the district. The 'little versions' must often give way to the big ones, especially on kappleik stages or at other venues where one needs to present a lot of info in a short timeframe. But there is room here to show a wider range, to show who I am and what I like.

For me, being a Hardanger fiddle player has a lot to do with making choices. Most of all, it means perhaps choosing how I can be myself through my playing whilst, at the same time, taking care of what my sources have been working on throughout many years. The quest to find my own musical voice as a fiddle player knows no end. But without all those who have come before me, I would perhaps never have figured out what I want to sound like.

*Johanne Fløttorp*

## - THE TUNES -

### Reisaren

in the tradition of Salve Austenå (b. 1927)

---

For me, this is the essence of the Tovdal style. It is the first tune on the album of the man who has been my teacher and inspiration for 20 years, Salve Austenå. It is therefore correct that *Reisaren* is also the first tune on my album.

### Gangar etter Petter Veum

in the tradition of Otto Furholt (1921-2005)

---

Petter Veum (1811-1889) learnt his playing from the old sources in Fyresdal such as, amongst others, Knut Trondson (1784-1876). Folk music in Fyresdal suffered a tragic fate during the times when fiddle playing and everything surrounding it was seen as sinful. Fiddles were burnt and many tunes and a large part of the tradition died out. But, because Petter Veum had a close relationship with the players in Setesdal, a number of tunes he had played survived there.

### Springar etter Myllarguten

in the tradition of Signe Flatin Neset (1912-1975)

---

It took many years before I discovered Signe Flatin Neset. I had obviously heard of her, the first woman to win *Landskappleiken*. A role model before I had even heard her playing. One day, early on during my studies at The Norwegian Academy of Music in Oslo, I was trying to find my way through the school's relatively large CD collection. Signe's name caught my eye and I took the CD and went to the listening room. There, I sat and listened to all the tunes. It was this one that I returned to and listened to over and over and over again.

### Else Heggvtveit

learnt from the book *Hardingfeleverket*, the source was Ånund Tveiten (1888-1912)

---

I have always loved tunes that get straight to the point. I found this version in the book, *Hardingfeleverket*, and I tried for a long time to put it together with other, similar versions. But I always return to this version. Sometimes, simple is simply the best, even when it comes to Hardanger fiddle playing.

### Den kaldsteikte

loosely in the tradition of Salve Austenå

---

Salve's story about *Den kaldsteikte* ('the cold fried') is as follows: There was a man in Tveitli in Tovdal who was home alone one autumn day. His wife was going over to *Skjeggedal* to harvest potatoes. She had bacon in the pan and put it on the hob so that dinner would be ready for her upon her return that evening. The man went out with the cows and tethered them securely in the field. But then a man from Lauvdal came along, who had some beer with him. As soon as the cows were tethered, they began to drink the beer. The fiddler from Lauvdal had written a tune that wasn't quite finished, but he had planned to do something with it at Tveitli. Then they started drinking and chatting and, when evening came, and the wife returned home, she was met by the cows that were still outside, and a meat pan that was still standing exactly where she had left it. The fiddlers were sitting inside having a great time. They wondered what they should call the new tune. Then a voice from the kitchen shouted: "Call it the cold fried ('*den kaldsteikte*'), for Heaven's sake!"

The tune is actually in the normal Har-

danger fiddle tuning (a-d-a-e), but I play it in the g-d-a-d tuning, which is called '*haavt forstemt*' in Setesdal, or *ljøsblått* ('light blue') in other parts of the country.

### Fille-Vern

in the tradition of Salve Austenå

---

I have played this tune for as long as I can remember; in several different versions, of course, but always with Salve as a starting point. The name of the tune comes from Vern Auvorsson from Kviteseid. He probably travelled around trading *filler* (rags) in Setesdal and other areas, thus gaining the nickname *Fille-Vern* (Rag-Vern).

### Kjaranlien

in the tradition of Salve Austenå

---

A classic tune from Tovdal that was played by many fiddlers from the valley. Like most of his repertoire, Salve learnt this tune from his father, Olav Austenå (1891-1969).

### Storesau Lauvik

learnt from Stein Versto (b. 1957)

---

*Storesau Lauvik* is a tune in the tradition of Tarjei Tvigyva (1853-1926) from Lårdal. Both Olav (1895-1929) and Eivind Groven (1901-1977) would often visit him and learn tunes from him. Eivind Groven transcribed this tune for the book, *Hardingfeleverket*.

There are many stories about the name of this tune, but one of them says that the name came from a sheep on the farm, *Lauvik*, in Skafså that had triplets every year.

### Dolkaren

in the tradition of Salve Austenå

---

One of the coolest Hardanger fiddle tunes ever! This has always been a popular dance tune in Tovdal and Setesdal.

### Førespel

by Johanne Flottorp

---

### Soteroen

based upon Olav Heggland's (1888-1974) version

---

It's odd with tunes you have heard hundreds of times, but have never tried to play. During the preparation for this recording, I thought about what kinds of tunes I like best. *Soteroen* was one of the first I thought of. But I had never really learnt it. I therefore sat down with *Hardingfeleverket* and read through Olav Heggland's version. Based upon this, I incorporated small elements I have heard here and there, practised different versions, and prepared to simply be free with the tune during the recording. Suddenly, this version – the way I played it on this recording – came into being. I'm not sure I could play it the same way again.

### Traskjen

version based upon the playing of Einar Løndal (1914-2006) and Eilev Smedal (1889-1938)

---

This is a *springar* that is played in several places in Telemark and which has several different names, but *Traskjen* was in any case the nickname of the fiddle player Olav Napper (1833-1903) from Fyresdal.

### **Margit Mjaugedal**

learnt from Arne T. Aabø (b. 1944)

---

A typical West Telemark tune and a version of the tune that, in Tinn, is called "*Kari Midtigard*". Margit Mjaugedal was a girl from the farm known as *Mjaugedal* in Eidsborg. Arne mainly got this version from the fiddler Tjøstolv Lofthus (1891–1970), who also came from Eidsborg.

### **Skuldalsbruri**

learnt from Arne T. Aabø

---

Throughout the years, I have played several different versions of *Skuldalsbruri*, but this version from West Telemark, which I learnt from Arne one summer's day several years ago, is the most beautiful. This version is in the tradition of Aslak O. Gøytil (1899–1979) from Eidsborg, and has since gone on to be played by the fiddlers Arne Nygård (1917–2009) and Tarjei Romtveit (b. 1925) from Vinje. Arne learnt this tune from the latter.

### **Springar etter Åne Smeland**

learnt from Vidar Lande (b. 1949)

---

Åne Smeland (1880–1912) was a fiddle player from Gjøvdal, and he is the source of many tunes. This is a version of *Guro Lomodden*, which comes from Telemark. It is probably in the tradition of Petter Veum. It is probably Nere G. Nese (1838–1883) who took it to Gjøvdal. He travelled around the villages of Inner Agder and West Telemark a lot, where he would visit many fiddle players.

### **Førespel**

by Johanne Flottorp

---

### **Skjallmøyslått**

based upon the transcription of Olaf Frøysaa's version

---

The Frøysaa brothers, Olaf (1874–1951) and Torleiv (1867–1949), made their mark both as fiddle players and fiddle makers. The brothers came from Iveland but, when they wanted to learn tunes, they travelled to Frøyrak in Bygland. That's where the best playing was to be found, they thought. Olaf transcribed this tune and I play it on a fiddle that was made by Torleiv.



- 1 Reisaren (2.54)
- 2 Gangar etter Petter Veum (2.34)
- 3 Springar etter Myllarguten (3.55)
  - 4 Else Heggveit (2.16)
  - 5 Den kaldsteikte (2.44)
    - 6 Fille-Vern (2.47)
    - 7 Kjaranlien (3.06)
  - 8 Storesau Lauvik (2.38)
    - 9 Dolkaren (3.50)
- 10 Førespel og Soteroen (4.09)
  - 11 Traskjen (3.38)
- 12 Margit Mjaugedal (2.49)
  - 13 Skuldalsbruri (2.26)
- 14 Springar etter Åne Smeland (1.56)
- 15 Førespel og Skjallmøyslått (4.21)